

Håkon Vidar Sylta
Høtlevikåsen 317
5173 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12572 - 20/41748

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2020

Feilretting av grense i matrikkelkartet gbnr 419/32 - Alver kommune

Kommunen har fått ein henvendelse frå eigar av gbnr. 419/32, angåande feil i matrikkelkartet. Han ber om feilretting med utgangspunkt i skylddelingsdokument.

Etter gjennomgang av skylddeing for gbnr. 419/32 er det tydleg at det som ligg i matrikkelkartet i dag er feil. Lengdene på grenselinjene er feil, og grensa mot vest er beskreve i merkeslinje med gbnr. 420/20, noko den ikkje er i matrikkelkartet

Me har laga til eit forslag til retting med utgangspunkt i terrengdetaljar frå nye og gamle ortofoto, samt beskrivelse i skylddelinga.

I forslag til retting har me tatt utgangspunkt i ortofoto frå i dag og historisk ortofoto frå 1961. I forslaget er det lagt til grunn at grensa tek til i vest i det som kan sjå ut som eit gjerde mellom gbnr. 420/20 og 419/1. På det historiske ortofotoet ser ein tydleg at det har vert gjerde rundt gbnr. 419/32. Retningen på dette gjerde er lagt til grunn i lag med lengder i frå skylddelingsdokumentet for å finne grensepunkta i aust. Resultatet vert at grensene i forslaget stemmer godt med gjerde som sto i 1961.

I forslag til retting kjem gbnr. 419/32 ut med eit areal på 824m². Alle grenselinjene for 419/32 har då nøyaktig den lengden som står i skylddelinga.

NB:

Føremålet med rettinga er kun å forbetra kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument som er rettslig bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ein retting av feil i kartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alle berørte naboar vert med dette varsla om forslag til retting, og me ber om at dersom du har merknadar til rettinga gjer oss ein tilbakemelding innan **24.07.2020**. Dersom me ikkje hører noko innan den datoен vert grensene ført i matrikkelen som beskreve.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til saksnummer 20/12572. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Vedlagt føl kart som viser korleis grensene går i dag i matrikkelkartet og korleis dei vil gå dersom me gjer retting i samsvar med vårt forslag.

Vedlagt føl og skylddeling for gbnr. 419/32.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Matrikkelkart historisk orto forslag til retting
Matrikkelkart historisk orto før retting
Matrikkelkart med orto forslag til retting
Matrikkelkart med orto før retting
Skylddeling

Kopi til:

Lene Rikstad

Mottakarar:

Håkon Vidar Sylta	Hetlevikåsen 317	5173	LODDEFJORD
Rune Brakstad	Øvre	5178	LODDEFJORD
	Krabbedalen 22		
Thomas Risnes	Risnes 70	5937	BØVÅGEN